

Søknad om å få Post i butikk i den nye Bunnprisbutikken i Austmarka på Radøy

På vegne av innbyggjarane med postadresse 5938 Sæbøvågen søker me med dette om å få oppretta post i butikk i Austmarka. Me har forespurt Bunnpris Vest 1 AS om dette, og dei var svært positive til ei slik løysing.

Me vil argumentera med følgande:

1. For ca 10 år sidan hadde me i Sæbøkrinsen eit posttilbud i butikken Coop Marked på Lunde. Den vart dessverre avvikla. Næraste butikk med post for oss er nå Coop Extra på Manger. Det har ført til store geografiske avstander for innbyggjarane med postnummer 5938. Dei som har lengst avstand har ca 13 km (ein veg) og ca 7 km for dei som er nærast. Austmarka med Bunnprisbutikken ligg ca midt i Sæbøkrinsen. Om det blir post i butikk i Austmarka vil ingen få lenger avstand enn ca 5 km.
2. Bunnprisbutikken i Austmarka ligg sentralt i eit stort byggefelt. Det er også planar om ei snarleg utviding med ca 60 – 100 nye hus i området.
3. Området har stor skule med skulefritidsordning og barnehage. Skulen har også idrettshall med mykje aktivitetar. Like ved er det også fotballbane med kunstgras. Alle desse aktivitetane genererer mykje køyring til og frå Austmarka, slik at om Bunnpris får post i butikk vil det gjera kvardagen enklare for innbyggjarane i Sæbøkrinsen.

Me håpar at de vil sjå positivt på denne søknaden.

For å understreka at dette er eit ønske frå alle bygdene i Sæbøkrinsen har me fått med oss leiarane til dei ulike bygdelaga.

- Dale Bygdelag, Leiar: Bjørn Tore Vakt skjold mob: 99523145, btvakt sk@online.no
- Marås Grendalag. Leiar: Randi Skiftesvik mob: 91554251, r-smaa@online.no
- Sæbø Bygdelag. Leiar: Øystein Marås mob: 48257291, maros@nettstar.as
- Vetås bygdelag. Leiar: Arvid Storheim mob: 48080174, arsto@statoil.com
- Nedre Storheim & Kalnes Bygdelag. Leiar: Grethe Storheim mob: 48249208, grethe.storheim@hotmail.com

Ta gjerne kontakt med dei for stadfesting.

Me har også oppretta ei Facebook gruppe «**Vi som vil ha post i butikk i Austmarka**». Denne gruppa har til nå 428 medlemmar.

Mvh

Dale Bygdelag ved styremedlem Evelyn Askeland